

Referat

STYREMØTE NR. 8 i ØIL – 25.01.2017

Møte		Referat	
Dato	Onsdag 25.01.2017 kl. 18:30	Deltakarar	Arne Lunestad / leiar Frank Kjøsnes / nestleiar Giedre Keturakiene / kasserar Rune Vik / skrivar Linn Beate Haugslund Ur/ styremedl. Åshild Bekkesletten/ 1. vara Leiv Sandven / trimgruppa Olav Kreken/ orientering
Stad	Kvam Kan huset	Forfall	Marit Buttingsrud/ styremedlem Silje Laupsa Mo/ styremedlem Per Dysterud/ fotballgruppa Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa
Referent	Rune Vik	Kopi	
Neste styremøte	Onsdag 22.02.2017 kl. 18:30		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
8.1	Saker		
.1	<u>Godkjenning av innkalling og saksliste</u> Vedtak: Innkalling og saksliste vart einstemmig godkjend.	info	
.2	<u>Godkjenning av referat frå styremøte nr 07/2016</u> Vedtak: Møtereferat nr. 7 - 2016 vart godkjent utan kommentar.	info	
.3	<u>Årsmøte for ØIL – dato og plan</u> Vedtak: <ul style="list-style-type: none"> • Årsmøtet for ØIL vert halde: onsdag 22. mars 2017, kl 18.00 i Holmatun • Leiar avtalar leige av Holmatun. • Frist for å kome med saker til styret i ØIL: tysdag 21. februar 2017 Saker skal sendast til: post@oysteseidrettslag.no • Dato for publisering av komplett saksliste og årsmøtedokument: fredag 10. mars 2017 • Innkalling til årsmøte: <ul style="list-style-type: none"> ○ Annonse i HF t.d. tysdag 7/2 el. evt. fredag 10/2 ○ Samtidig publisering på heimeside og facebook. ○ Innehalde info om at mellom anna følgjande saker kjem opp til handsaming: <ol style="list-style-type: none"> 1) Fotballgruppa melder seg ut av ØIL for å skipa ny klubb. 2) Idrettsfritidsordninga til ØIL vert foreslått avslutta 	22/3	styret Arne L
		7/2	Arne L

	etter skuleåret 2016/2017.		
	Gruppeårsmeldingar må sendast skrivar slik at skisse for årsmelding for ØIL kan vere klar til neste styremøte.	29/1	
.4	<u>Valnemnd, kandidatar til styre og attval 2017</u> Valnemnda Tommy Hatlem og Karina Valestrand har fått melding om dato for årsmøte i ØIL, og har starta opp sitt arbeid. Dei som sit i styret må tenkje om det er aktuelle kandidatar som kan spelast inn til valnemnda. Tek ein gjennomgang på neste styremøte.	info	
.5	<u>Medlemsregister for ØIL</u> Lista utarbeidd i førre møte er sendt til import hjå NIF, og bekrefta mottatt. Lista er no importert til KlubbAdmin. Grunnlag for fakturering av medlemskontingent i 2017 vert KlubbAdmin. Styret må drøfte korleis ein skal handtere nye innmeldingar i ØIL. Det vil vere mogeleg å ha rutine som seier at alle nye medlemmer sjølve må søkje medlemskap via "Min Idrett", alternativt må det peikast ut person(ar) som har ansvar for nye registreringar i KlubbAdmin. Ikkje avklart på møtet.	22/2 info	kvar enkelt i styret styret
.6	<u>Økonomi 2016</u> Rekneskap pr.31.12.2016 treng gjennomgang og justeringar før styregjennomgang. Gjennomgang på neste styremøte.	22/2	Giedre K/ Arne L
.7	<u>Idrettsfritidsordninga IFO/ FFO</u> Skal ØIL halde fram med tilbodet om idretts-/fotball-fritidsordning? <i>Økonomi</i> Frå 2016 har idrettsfritidsordninga vorte handtert som ei eiga avdeling i rekneskapet. Avdelingsrekneskapet for 2016 (førebelst pr 31.12.2016) syner eit underskot på om lag kr 40.000,-. Det vart sommaren 2016 inngått ugunstige arbeidskontraktar med tilsette, som ikkje var fleksible nok i høve antal born i fritidsordninga. Dette medførte høgare personalkostnader enn naudsynt hausten 2016. Arbeidskontraktar er no reviderte som gjeldande frå januar 2017 som timebaserte kontraktar. Inntekter/ utgifter frå engasjement hjå Øystese Gymnas var tidlegare ført på avdelinga. Dette er no endra slik at inntekter/ utgifter frå dette engasjementet blir ført på avdeling for fotballgruppa. Storleik på arbeidskontraktar vil vere ei kontinuerlig utfordring slik leiar ser det. Antal born kan variere frå månad til månad (1mnd oppseing). Det vil ikkje vera lovleg å basere drifta på tilkallingsvikarar, og difor må tilsette ha faste kontraktar med definert stillingsprosent. Timebaserte kontraktar vil berre delvis bidra til å betre situasjonen, då tilsette likefullt vil ha krav på løn i høve stillingsstorleik.		styret

Vurdering kring "å drive bedrift"

Fritidsordninga er i dag ein arbeidsplass med 5 tilsette, og om lag 65 "unike" born. Dette er i praksis å betrakte som ei bedrift. ØIL, ved styre og leiar, har arbeidsgjevaransvar og elles alt ansvar som kjem med det å drive bedrift. Det er styret sitt ansvar å setje mål for bedrifta, sikre rutinar og kontroll med at alle krav i lovverk og forskrifter vert fylgde. Har eit frivillig styre i idrettslaget kapasitet og kompetanse til å utføre dette arbeidet?

Nokre av arbeidsoppgåvene som føl med:

- Handtere evt sjukdom i leiarstillinga
- Fylgje opp krav i internkontrollforskrift
- Utarbeide/ revidere rutinar
- Handtere personalkonfliktar
- Handtere klager frå føresette
- Økonomioppfylging og målstyring

Etter leiar si oppfatning vil det vera uråd å delegere styret sine oppgåver til grupper i idrettslaget, då ansvaret (juridisk) alltid vil liggje i hovudlaget (personleg ved styret og leiar).

Det er kome innspel frå medlem Terje Melstveit (epost datert 12. januar 2017) i høve IFO/FFO.

Etter ordskifte i styret vart det gjort einstemmig vedtak i saka.

Vedtak:

Styret fremjar sak for årsmøtet i ØIL om at ein avsluttar idrettsfritidsordninga IFO/ FFO etter skuleåret 2016/2017. I praksis vil drifta då halde fram til og med juni 2017.

Leiar svarar på Terje Melstveit sitt innspel i høve IFO/FFO.

Utmelding av fotballgruppa frå 01.01.2018

Fotballgruppa hadde årsmøte 7. januar. Det vart i møtet gjort fylgjande vedtak, jf. sitat frå vedlagt protokoll:

"Årsmøtet sender innstilling til årsmøtet i ØIL om at fotballgruppa melder seg ut av Øystese Idrettslag (ØIL) fom. 01.01.2018.

Talet på stemmer for 22 og mot 5.

Innspel til vidare handsaming av vedtak over.

- ØIL overfører 80% av innestående midlar i laget til ØF
- Grasrotmidlane skal på best mogeleg vis overføres til ØF
- ØIL overfører alle ansatte i fotball og IFO/FFO til ØF frå og med 01.01.2018
- Styra i ØF og ØIL set ned ei arbeidsgruppe for å gjennomføre punkta over. Gruppa har anledning til å hente ressursar utanfrå for å oppnå ein ryddig prosess."

Vedtak:

Styret fremjar sak for årsmøtet i ØIL.

.8

info

styret

Arne L

styret

.9	<p><u>Avtale om privat underskotsgaranti for fotballgruppa</u></p> <p>Fotballgruppa har oppretta ei ny rekneskapsmessig avdeling "103 Senior fotball". Eit vilkår for at budsjettet vart vedteke i årsmøtet i fotballgruppa, var at det låg føre ein underskotsgaranti for avdelinga. Det vart ikkje på årsmøtet kven som sto som garantist.</p> <p>Privat avtale med Roger Vassnes er utarbeidd. Er vedlagt innkallinga.</p> <p>Vedtak: Saka vert utsett til neste styremøte.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styret i ØIL-fotball må først gjere vedtak for godkjenning av/ tilslutning til avtalen. Slikt vedtak ligg pr no ikkje føre. • Avtale vert å sjekke mot revisor. • Avtale vert å sjekke mot idrettskretsen i forhold til rollekonfliktar og idrettslovverk. 	info	
.10	<p><u>Kom.delplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv</u></p> <p>Styret vurderte aktuelle innspel, inkl. innspel frå fotballgruppa om nytt anlegg i Busdalen.</p> <p>Vedtak: Øystese idrettslag sender følgjande innspel til kommunedelplanen:</p> <ol style="list-style-type: none"> (1) Nytt idretts- og fotballanlegg i Busdalen (2) Basishall inkl. lagslokale og lager til utstyr (3) Liten rekrutteringshoppbakke for heilårsbruk på Sjusete (4) Friidrettsfasilitetar ute / delanlegg friidrett (5) Nytt orienteringskart Tolomarka/Børvehagen (6) Nærorienteringskart i Norheimsund sentrum 	22/2 22/2 22/2 29/2	fotballstyret Arne L Rune V styret Rune V Rune V Rune V Rune V Olav K Olav K
.11	<p><u>Leigeavtale i Holmatun med ny eigar Holmatun eigedom as</u></p> <p>Rune Vik er saksførare, då Arne Lunestad er inhabil gjennom sitt engasjement i Holmatun eigedom as.</p> <p>Avtaleutkastet frå Holmatune eigedom as som no ligg i bordet omhandlar i prinsippet berre IFO/FFO-delen. Behovet til fotballgruppa er ikkje ivareteke i avtaleutkastet.</p> <p>Det er kome innspel frå medlem Terje Melstveit (epost datert 12. januar 2017) i høve klubbhuslokaleproblemstillinga.</p> <p>Styret er samd med Terje Melstveit at leige på kr 70 000 eks mva berre for IFO/FFO-lokalet i IFO/FFO-tida utgjer ei dramatisk heving av leiga i forhold til tidlegare avtale med P/L Holmatun. Ei slik avtale vil vere lite tenleg for behovet til spesielt ØIL-fotball.</p> <p>Vedtak: Styret i ØIL ber om møte med Holmatun eigedom as v/ AK Glück-Teigland. Intensjonen med eit møtet er å få til ein avtale der spesielt fotballgruppa sine behov for "klubblokale" vert ivareteke.</p> <p>Frå ØIL skal Rune V, Frank Kjøsnes og Leif Sandven delta.</p>	snarast	styret Rune V

8.2	Fotballgruppa		
8.3	Friidrett/trimgruppa		
8.4	HC-gruppa		
8.5	Symjegruppa		
8.6	Hoppgruppa		
8.7	Orientering		
8.8	Økonomi		
8.9	Eventuelt		
	Styresaker frå 2016 under oppfølging	info	styret
2.1.4	<u>Øystese-trimmen og utvikling av arrangementet</u> Konkurransedelen av trimmen har dei seinare år hatt lita deltaking. For å få litt meir fart i arrangementet må det gjerast grep. Forslag til utviklingsgruppe: - Torild Kveberg - Marit Buttingsrud - Olav Kreken - Reidun Braut Kjosås Utfordringar: - Sjå på innhaldet i Øystesetrimmen. - Sjå på konkurransar/aktivitetar for ulike aldersgrupper. - Organisering, utstyrsbehov, og marknadsføring. I første omgang må ambisjonen vere å gjere arrangementet meir spanande/attraktivt i forhold til notid/2016. Målgruppe: Deltakarar frå Øystese og Norheimsund/Kvam. Olav tek kontakt om oppstartmøte.		Olav Kreken
	Styresaker frå 2015 under oppfølging	info	styret
1.1.2	<u>Webprofil for ØIL i sosiale medier</u> Gammal/utdatert ØIL-heimeside må fjernast. Vidar T. har snakka med Jan Tjosaas (IKTAL) som i si tid stod som administrator for heimesida.		
	Styresaker frå 2014 under oppfølging	info	styret
3.1.7	<u>Øystese idrettslag (ØIL) – vegen vidare</u> Utover fotballen i ØIL er aktiviteten i dei ulike gruppene relativt låg. Allidrett for born opp til 10 år drive av Leif og Åshild i vinterhalvåret, er kanskje det viktigaste bidraget. Elles har laget Øystesetrimmen m/ open hall-arrangement, Torefjellstrimmen som del av ”Kom deg ut dagen” og idrettsmerkeprøve.		

4.1.9	<p>ØIL er også ein aktør i samfunnsdebatten ved at styre har kome med innspel til kommuneplan og barnehageplan, m.v. Vidare har ØIL støtta ulike føremål i andre lag som kunne generere fysisk aktivitet.</p> <p>Samtidig har idrettslaget ansvar for hoppbakken i Myrane, og forvaltar ein formue på ca. ½ mill kr.</p> <p>Vedtak: ØIL-styret startar eit arbeid med å sjå på kva rolle ØIL kan spela i tida framover (tidshorisont). Er det bruk for eit allidrettslag i Øystese ?</p> <p>Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging</p> <p><u>Rydding i og sanninging av ØIL-historikk/arkivmateriale</u></p> <p>Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.</p>	info	styret
-------	---	------	--------

Rune Vik/ skrivar